



Vår referanse
23/2755 25/509

Dykkar referanse

Sakshandsamar
Trine Sæter

Dato
09.01.2025

Retningsliner for behandling av fritak etter §28 i eigedomsskattelova i Ulstein kommune

Med heimel i eigedomsskattelova sin § 28 vedtok kommunestyret 12.12.2024 i sak 150/24 følgjande retningsliner for fritak av eigedomsskatt ved lav inntekt, med verknad frå 01.01.2025:

Retningsliner

Det kan søkjast om fritak per kalenderår, og ein må søkje nytt fritak kvart år.

Hustandar med samla bruttoinntekt på inntil folketrygdas grunnbeløp (G) x 3 kan søkje om fritak for eigedomsskatt i Ulstein kommune.

- Folketrygdas grunnbeløp (G) er i 2025 kr 124 028, 3 G er kr 372 084
- Einslege forsørgjarar kan ha samla brutto inntekt på inntil 3,5 G ved siste skattemelding for å søkje fritak for eigedomsskatt. 3,5 G er i 2025 kr 434 098

Ordninga skal vere eit tiltak for innbyggjarar med lav inntekt. Inntekta blir rekna av hustandens samla brutto inntekt ved siste skatteoppgjer. Som inntekt reknast løn, pensjonar, renteinntekter, aksjevinstar mm.

Bur det fleire enn søkjar i bustaden, reknast alle over 18 år som ein del av husstanden, også heimebuande born. Deira brutto inntekt leggast saman med søkjars brutto inntekt.

Inntekt frå leigebuarar vert rekna som inntekt for søkjar.

Søkjar må sjølv bu i bustaden og ha registrert adressa i folkeregisteret.

Det vert ikkje gjeve fritak for eigedomsskatt om likvid formue som bankinnskot, aksjar og liknande overstig folketrygda sitt grunnbeløp 1 G. Dette gjeld for alle hustandsmedlemmar over 18 år med inntekt.

Krav om dokumentasjon

- Utskrift av siste skatteoppgjer for alle husstandsmedlemmar over 18 år
- Husleiekontrakt dersom søkjar leige ut deler av bustad eller anna
- Fullmakt dersom innsendar er ein annan enn heimelshavar
- Eigarar i burettslag vil få nærmare beskjed om dokumentasjonskrav